



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Ingelin Garen - 55516345

Vår referanse:
2012/011433-009

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.08.2014

Uttale til Plansak 12602012000100 - områdeplan - Olsvollstranda næringsområde - Radøy kommune. 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Vi viser til Dykkar brev dagsett 30.06.2014 med uttalefrist 16.08.2014.

Planområdet ligg mellom Hesthaugane og Krossen på austsida av Fv. 565 i Radøy, og utgjer eit areal på 543,52 daa. Føremålet med planframlegget er å leggje til rette for eit større og samanhengande næringsområde med tilhøyrande infrastruktur.

Statens vegvesen uttaler seg til reguleringsplanar med bakgrunn i rollene som

- Vegstyresmakt i riksvegsaker
- Vegadministrasjon for fylkeskommunen i fylkesvegsaker
- Statleg fagstyresmakt med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljøulemper knytt til veg og vegtrafikk.

Statens vegvesen har følgjande merknader til planframlegget:

Uttale

Kryss med fylkesveg 565

For kryss med fylkesveg skal planen vise frisiktlinjer med tilhøyrande frisiktsoner (sikringssone frisikt jamfør plan- og bygningslova § 11-8 a) med tal og symbol på plankartet . Også svingradius i kryss bør talfestast i plankartet.

Byggjegrense

Statens vegvesen har i uttale til varsel om oppstart sett krav om at byggjegrensa langs Fv. 565 skal være 50 meter. Av planskildringa går det fram at ein ikkje finn dette hensiktsmessig og plankonsulent viser til at terrenget faller mot aust store deler av traséen langs vegen, noko som gjer at avstand frå veg får ei anna verknad enn om terrenget hadde vore flatt. Det vert samstundes vist til at byggjegrensa i planen er trekt nærmare fylkesvegen fordi ein ynskjer at næringsarealet skal være av ein viss størrelse.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Speilhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø⁹
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Kravet om plassering av nye bygg innanfor byggjegrense er omtalt i fellesføreseggnene § 2.1. Vi merker oss at grensa er sett nærmere enn 50 meter som også er den avstanden nyleg vedtatt «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest*» legg opp til. Vegvesenet ser at dei terremessige tilhøva kan tale for at byggjegrensa skal være mindre enn 50 meter jf. vårt tidlegare krav. Etter ei ny vurdering finn vi å kunne akseptere at byggjegrensa vert sett 30 meter frå vegmidte av fylkesvegen. Dette synes å samsvare med den avstanden som er lagt til grunn i plankartet. Vi påpeiker at byggjegrense må visast i plankartet med tal og symbol. Ettersom dette ikkje er gjort i planframleggget som no er på høyring, er Statens vegvesen usikker på kva byggegrense som faktisk er lagt til grunn. Kravet om ei byggjegrense på minimum 30 meter er tufta på at Fv. 565 er ein viktig veg i Radøy kommune.

Universell utforming

Av planskildringa kap. 9.4 følgjer det; «*Prinsippa for universell utforming er lagt til grunn for planlegginga og det er satt krav i føreseggnene om at dei òg skal leggjast til grunn for søknad om tiltak. Desse prinsippa inkluderer òg tilkomst og uteområde i planområdet. Omsyn til universell utforming er sikra i § 2.5 i planføreseggnene*

Planføreseggnene § 2.5 omtaler krav om detaljregulering for område N01#1. Statens vegvesen kan heller ikkje sjå at kravet til universell utforming er omtalt noko anna stad i planføreseggnene. Krav om universell utforming må derfor takast inn som eit nytt punkt i føreseggnene.

Gang-/sykkelveg og kollektivtransport.

Fartsgrense på staden er 80 km/t og ÅDT er berekna til om lag 3100 kjørerøy. Statens vegvesen ser det som svært positivt at det i planframleggget er regulert inn gang-/sykkelveg langs med Fv. 565 gjennom heile planområdet. I samband med opparbeiding av nytt vegkryss mellom o_KV01 og f_KV02 er det i føreseggnene pkt. 2.3.4 sett rekkefølgjekrav om opparbeiding av gang- og sykkelvegar frå f_KV02 og langs o_KV01 i sørleg retning, fram til plangrense i sør. Like eins er det i føreseggnene pkt. 2.3.5 stilt rekkefølgjekrav om opparbeiding av interne tilkomstveger og tilhøyrande fortau.

Det er i føreseggnene ikkje sagt noko om opparbeiding av gang- og sykkelveg frå kryss til planområdet og langs med fylkesvegen nordover. Dette vert av plankonsulent begrunna med at det både i nord og sør manglar reguleringsplan som tar med seg framtidig sykkelveg på tilgrensande strekk. Av omsyn til trafikktryggleiken for reisande til og frå næringsområdet med buss ser Statens vegvesen det som svært viktig at planføreseggnene også tar med seg eit rekkefølgjekrav for opparbeiding av fortau frå nytt vegkryss og fram til kollektivhaldeplass KH02. Like eins er det viktig at det vert knytt eit rekkefølgjekrav til planen som sikrar opparbeiding av GV01. Krav om gjennomføring av ei slik tilrettelegging vil etter Statens vegvesen sin vurdering være ein av føresetnadane for å oppnå intensjonen om universell tilrettelegging. Vi gjer merksam på at det ikkje kan pårekna Statens vegvesen vil godkjenne ein byggeplan som ikkje tilrettelegg for trygg ferdsle for gåande mellom busshaldeplassane og nytt kryss.

Byggeplan

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar. Vi rår til at dette også vert innarbeidd som krav i føreseggnene

Mellombels anleggsområde

Det bør regulerast mellombels anleggsområde langs fylkesvegen for å sikra tilstrekkeleg areal til anleggsfasen for utbetring av fylkesvegen. Mellombelse anleggsområde vert vist som føresegnområde med eigen flatesignatur i plankartet. I føreseggnene føreslår vi følgjande tekst:
«I samband med utviding av eksisterande fylkesveg 565, med tilhøyrande tilkomstvegar, kan områda nyttast som anleggsområde så lenge anleggsarbeida er i gang. Etter avslutta anleggsperiode skal området tilbakeførast i samsvar med byggeplan.»

Anna veggrunn

Følgjande tekst må innarbeidast som fellesføresegn i planen. Dette for å ta høgde for mindre endringar i samband med prosjektering og bygging av veganlegg:

«Mindre avvik i skråningsutslag innafor område Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL §12-5, nr. 2), vil kunne skje som følgje av uventa tilhøve, som t.d. grunnforhold eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponerast til vegføremål vil fråvika noko frå det som går fram av føremålsgrensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegføremål er føresett brukt som tilstøytande føremål.

Ved større avvik frå føremålsgrensene som vist i planen vil det vere behov for å søke om løyve etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m) og eventuelt dispensasjon, eller gjennomføre mindre endring av reguleringsplanen etter plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd. Om fråviket frå reguleringsplanen er så betydelig at det krev løyve etter § 20-1 bokstav m eller mindre endring av reguleringsplan må avgjerast av kommunen.»

Vi imøteser eit revidert planframlegg som tek omsyn til merknadane våre.

Plan og forvaltning - Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar



Ingelin Garen

Kopi: Hordaland Fylkeskommune Planseksjonen,
Fylkesmannen i Hordaland

